



## Søknad om konsesjon etter konsesjonslova frå eit aksjeselskap

### Endring i mynde til å ta avgjerd i slike saker

Med verknad frå 07.07.2023 er det statsforvaltaren som har mynde til å avgjere saker som gjeld konsesjon til selskap med «begrenset ansvar». Det vil i klartekst seie aksjeselskap omfatta av aksjelova. Endringa gjeld berre saker der eit aksjeselskap søker konsesjon etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv.

Søknadar om konsesjon frå slike selskap skal framleis setjast fram for kommunane.

Kommunane skal utgreie saka før ho vert sendt vidare, jf. FOR-2003-12-08-1480 § 1. Vi har lista opp ein del moment det vil vere ein fordel om er med i ein slik utgreiing. Ikkje alle momenta vil vere aktuelle i alle saker. Lista er nok heller ikkje uttømmende. Det er derfor fint om de tek med andre moment som kan vere relevante. Der det er aktuelt bør uttala mellom anna sei noko om:

- Ei kort utgreiing om eigedomen viss det er relevant for vurderingane i utgreiinga.
- Kort om søkjar særleg viss kommunen har kunnskap ut over det som står i søknaden og offentlege register.
- Om eigedomen er omfatta av kommuneplan eller reguleringsplan og kva denne seier.
- Om eigedomen har part i jordsameige eller andre felles rettigheter.
- Om det er noko anna særskild ved eigedomen som er relevant for saka.
- Om kommunen har ei oppfatning av om det bør setjast vilkår og i tilfelle kva.
  - o Kommunen sitt syn på buplikt i den grad kommunen har ei oppfatning.
- I kva grad det har vore stor eller liten interesse for å overta eigedomen.
- Eventuelle særlege samfunnsinteresser sett frå kommunen si side.
- Viss føremålet med ervervet er landbruk:
  - o Om og i kva grad denne eigarforma (AS) utgjer ein fordel for landbruksdrifta framfor tradisjonell eigarform.
  - o Om ervervet vil gi ei driftsmessig god løysing.
  - o Om søkjar kan reknast som skikka til å drive eigedomen.
  - o Om ervervet tek vare på omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.
  - o Tankar om prisnivå viss dette er relevant.

### Overgangsreglar

Overgangsreglane står i Forskrift om overføring av myndighet til kommunen, statsforvalteren, Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven § 13.



Alle saker som ikkje er endeleg avgjort av kommunane pr. 07.07.2023 skal sendast til statsforvaltaren. Ei sak er endeleg avgjort når klagefristen er ute eller kommunen har teke avgjerd i klagesaka. Overgangsreglane gjeld dermed både søknader og klagesaker.

### **Lenker til aktuelle heimelsgrunnlag**

[Forskrift om overføring av myndighet til kommunen, statsforvalteren, Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven - Lovdata](#)

[Forskrift om endring i vedtak om overføring av myndighet til kommunene mfl - Lovdata](#)

[Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven - Lovdata](#)

Vidar Vassenden

seniorrådgjevar